
Saksnr: 2020/44290-20
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 2**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 11.11.2020.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for eigarskapskontroll for denne perioden. Prioritering av aktuelle prosjekt, står sentralt i dette møtet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 05/20 i møte 13.02.2020:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.*
2. *Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 16.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.*
4. *Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 - 2024 skal leggest fram for fylkestinget 29.09.2020.*

Prosessmøte 1 vart gjennomført i sak PS 71/20 i samband med møte i kontrollutvalet 15.06.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.»

«Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlighetsvurderinga (ROV) for eigarskapskontroll så langt til orientering.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til heradsstyret, som vedtar plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Som det går fram av punkt 4 i vedtaket over var det tanken at denne saka skulle vore lagt fram for fylkestinget i møte 29.09.2020, men på grunn av covid-19 pandemien er den vorte forseinka slik at den ikkje kan handsamast i fylkestinget før i desember 2020.

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumentene bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og kva eigarskap ein skal prioritere å gjere eigarskapskontroll med.»

På bakgrunn av det som går fram over ligg analysedokument frå Deloitte ved som vedlegg til anna sak om plan for forvaltningsrevisjon til dette møtet. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2.

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett etter og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for forvaltningsrevisjon.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i møte i kontrollutvalet 25.11.2020.